



Arkivnr: 2017/2682-117  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		06.09.2018

## Vidare planlegging av eldrerådskonferansen 2018

### Samandrag

Denne saka har vore oppe på fleire møte i fylkeseldrerådet til handsaming, mellom anna den 15.03.2018 i sak PS 14/18 og den 24.05.2018, PS sak 29/18. Fylkeseldrerådet ønskjer å arbeide vidare med denne saka, slik at mest mogeleg av programmet til konferansen er klart.

Konferansen for dei kommunale eldreråda vert heldt den 6. og den 7. november 2018 på Scandic Hotel Neptun.

Det er allereie bestemt at eit hovudtema vil vera ernæring og mat for eldre.

Fylkeseldrerådet ønskjer at konferansen skal vera aktuell, relevant og interessant for deltakarane. Det vart av den grunn sendt ut invitasjon til å kome med innspel til konferansen, til dei kommunale råda. Svarfrist vart sett til den 10.08.2018.

Det har kome inn 7 innspel til tema. Eit innspel er kome inn etter fristen. Sjå vedlegg.

**Økonomi:** Midlar til eldrerådskonferansen er innarbeid i budsjett for 2018.

**Klima:** Inga verknad.

**Folkehelse:** Inga verknad.

**Regional planstrategi:** Inga verknad.

### Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek følgjande tema, frå dei kommunale råda, på eldrerådskonferansen 2018:

-  
-  
-

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs  
jurist/rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Innspel til tema frå dei kommunale eldreråda.